



Leivdalen, Otte-steinen og steintavla



Tekst på steintavla



Fotomontasje

## OTTE-STEINEN, ALTFOR LETT FOR EID ?

Nordfjordingar er trygge og trauste med beina godt planta på jorda. Korrekt og truverdig. I andre delar av kongeriket hender det at folk lettar frå marka og gjerne fabulerer omkring gammalt og unyttig (fargeklattar i kvardagen) !

Vi har eit steinklenodium her i bygda, Ottesteinen. Den ligg i Leivdalen attmed ein låve saman med ein over 100 år gammal steintavle med tekst.

Otte Leivdal var stor og sterk på alle måtar. Han skal ha løfta steinen ut av marka, eg har min eigen teori om korleis. I 1681 kom han i slagsmål, og grannen vart liggjande daud. Då vart han dømd frå gods og liv, og gøymde seg som fredlaus. Dottera Synnøve Ottedotter, ei 30 år gammal småbarnsmor, gardkjerring på Åsebøstøl ved Hornindals-vatnet, bestemde seg for å dra til Kongen i København, og be om nåde for sin far. Utruleg nok fekk ho audiens og tala så godt for seg at Kongen gav ordre om ny handsaming i eit Kongebrev stila til sorenskrivar Peder Kaatte. Originalen ligg Riksarkivet, og kopi i ein safe i Leivdalen. Otte fekk til slutt bot, men vart elles frikjend. Far og dotter vart signa i kyrkja, dottera i ei kjole ho hadde fått i gåve av dronninga.

I Seljord er ein tilsvarande kjempestein plassert på sokkel ved kyrkja med ein plakett:

« « Denne steinen hev  
STERKE NILS 1722-1800 » »  
lyft > 570 kg

Kraftkaren Torkel Ravndal (1936-2004) løfta steinen i lenkjer i 1973, bekrefta av lensmann.

**Spørsmålet blir:  
Noko for turiststaden Eid?**